



Vidsynet er best frå Englafjell. (Foto: Harald Sætre)

Sundag vart "Firetoppturen" lansert i organisert form for første gong i Uskedalen.

Det var fjellsportgruppa i Kvinnherad Turlag som frista med tinderangling til dei to Ulvanåso-toppene, Englafjell og Manen på samme dagen. Fem vart med dei to turleiarane og uskedalingane Tor Vidar Sæle og Bjørn Olav Tveit. Ingen av deltakarane var frå Uskedalen, men frå ytre luten og Sveio.



Turleiar Tor Vidar Sæle

Det vart fantastisk fin tur sjølv om han fordi nokre hadde tidsnød måtte kuttast ned noko. Det vart difor ingen avsluttande tur til toppen av Manen, noko som ville forlenga den tida gruppa brukte frå ti og ein halv til tolv timar. Turen starta ved kalkingsstasjonen og gjekk først til Geitadalstind og Høgetind. Neste mål var Englafjell via Fagerdalsskaret og deretter gjekk gruppa ned via Eikehytta og til bygds.

Det var eit utruleg klart ver, så klart at dei kunne sjå Troll-plattformen med det blotte auge. Og gruppa kunne slå fast at ingenting stengjer for vidsynet frå

Englafjell, som difor kan lokka med best panoramautsikt av dei fire toppane.



Turleiar Bjørn Olav Tveit

Turleiarane Sæle og Tveit presiserer at "Firetoppturen" slett ikkje er noko som berre dei sprekaste bør gje seg i kast med.

- Den kan bli ein klassikar for alle som er vane med å gå litt i fjellet, seier Sæle.

Tveit meiner at dei fleste risikofritt kan gjennomføra denne runden.

Andre stader er det gått sport i å bestiga fleire fjelltoppar på ein dag, til dømes i Bergen og Rosendal, men dette er altså noko nytt i Uskedalen når ein gjer unntak for "private initiativ". Dei har det vore atskillige av opp gjennom tida.

Men med betre marknadsføring enn denne gongen vil det sikkert vera mogeleg å få langt fleire med. Til dømes var turen denne gongen berre offentleggjort under fjellsportgruppa. Det fekk kanskje nokon til å halda seg heime som ellers hadde meldt seg på.

Av Ola Matti Mathisen